



FISKERIDIREKTORATET
Kyst- og havbruksavdelingen

Lingalaks AS
Lingavegen 206

5630 STRANDEBARM

Saksbehandler: Jakob Bentsen
Telefon: 46803982
Seksjon: Forvaltningsseksjonen
Vår referanse: 10/4322
Deres referanse:
Vår dato: 10.08.2010
Deres dato:

Att:

LINGALAKS AS 960900626 - AVVISING AV KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM GEOGRAFISK FORDELT LØYVE TIL HAVBRUK MED MATFISK AV LAKS, AURE OG REGNBOGEAURE I TILDELINGSRUNDEN 2009

Vi viser til Dykkar klage datert 8.september 2009 på Fiskeridirektoratet region Vest sitt vedtak av 14. august 2009, samt den øvre korrespondansen i saka. Vi er lei for den lange sakshandsamingstida.

Bakgrunn for saka

I fylgje forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2009 (heretter: tildelingsforskrifta), skulle 65 geografisk bestemte løyve fordelast på landsbasis. Fem av løyva var øyremerkte? økologisk sertifisert produksjon. Innan søknadsfristen 20. April 2009 kom det totalt inn 265 søknader. Av disse var det 26 søknader på fem løyve i Hordaland fylke.

29. april 2009 søkte Lingalaks AS på løyve med matfisk av laks, aure og regnbogeaure geografisk fordelt i Hordaland. Søknaden vart sendt til Fiskeridirektoratet region Vest.

Søknaden til Lingalaks AS vart avslått av regionkontoret den 14.08.09. Lingalaks AS klaga på vedtaket 8. September 2009.

25. juni 2010 sendte Fiskeridirektoratet ut førehandsvarsel til Hennco AS og Telavåg Fiskeoppdrett AS om tilbaketrekking av tilsagn om løyve til fordel for Melaks AS og Lingalaks AS.

Advokatfirmaet Schjødt sendte 13. juli 2010 merknader til førehandsvarselet på vegne av både Hennco AS og Telavåg Fiskeoppdrett AS. Det vart blant anna hevda at klaga frå Lingalaks AS ikkje var sendt inn rettidig.

28. juli sendte Fiskeridirektoratet brev til Lingalaks AS der det vart gjeve høve til å uttale seg om dette spørsmålet.

3. august sendte Lingalaks AS uttale i saka.

Lingalaks AS hevdar at selskapet ikkje mottok brevet før den 19. august 2009, og at klaga såleis er rettidig. Lingalaks AS hevdar også det at det vil stride mot forvaltningslova § 31 å ikkje ta klaga til handsaming.

Lingalaks AS vart etter merknadene i brevet gjeve høve til å dokumentere påstandane sine, utan at det er komen inn ytterlegare merknader.

Fiskeridirektoratet si vurdering

Vurdering av klageretten

Lingalaks AS er part i saka, sjå forvaltningslova § 2 bokstav e.

Spørsmålet er om klaga er sett fram rettidig.

Vurderinga tek utgangspunkt i forvaltningslova § 29 første ledd, første setning, der det står;

”Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part.”

Fristen på tre veker som Lingalaks AS har å forholde seg til byrjar i høve til denne føresegna å gå frå det tidspunkt Fiskeridirektoratet sitt vedtak har ”*kommet frem*” til selskapet. Vedtaket reknast å ha kome fram den dagen det hamnar i selskapets postkasse, og ikke fyrst når selskapet får kjennskap til underretninga om dette skulle vere på eit seinare tidspunkt. I dette høvet har Lingalaks AS sjølv i sin klage orientert om at selskapet tok i mot avslagsbrevet frå direktoratet 16.august 2009. 16. august var ein sundag og Fiskeridirektoratet legger til grunn at brevet må ha kome fram laurdag 15. august. Etter forvaltningslova § 30, siste punktum, skal fristen reknast i samsvar med reglane i domstoloven §§ 148 og 149.

Dersom ein tek utgangspunkt i at vedtaket kom fram til klager 15. august, løper fristen ut den 5.september. Denne datoen var på ein laurdag, og etter domstolova § 149 vil då fristen verte forlenga til næraste virkedag som i vårt tilfelle vert måndag 7.september. For at klagen skal vere rettidig innkomen er det tilstrekkeleg at den er postlagd innan denne datoen. I mangel på andre haldepunkt legg Fiskeridirektoratet til grunn brevdatoen på klagen som datoen for postlegging.

Lingalaks AS sin klage er datert 8. september 2009, altså dagen etter fristes formelle utløp. Selskapets klage er såleis etter reglane i forvaltningslova ikkje rettidig.

Etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b har klageorganet kompetanse til å ta saka under handsaming sjølv om klagefristen ikkje er overhalden dersom det av særlege grunner er rimeleg at klagen vert prøvd. Det framgår av andre ledd at det i denne vurderinga skal takast omsyn til om endring av vedtaket kan føre til skade eller ulempe for andre.

I dette høvet vil ei oppreising til fordel for Lingalaks AS få store konsekvenser for ein annan søkjar som konkurrerer i tildelingsrunden 2009, nemleg Telavåg Fiskeoppdrett AS som i så fall vil miste sin tillatelse. Fiskeridirektoratet finn ikkje at det er ei slik overvekt av samfunnsmessige omsyn som tilseier at klagen må handsamast, eller at klagarens interesser bør gå foran den andre søkjarens interesser.

Vedtak

**Med heimel i forvaltningslova sin § 34 første ledd, jf § 29, vert klaga til Lingalaks AS
8. september 2009 avvist.**

Vedtaket om avvisning kan påklagast, jf forvaltningslovas § 28, tredje ledd. Sjå vedlagte skjema om korleis De går fram ved klage.

I medhald av forvaltningslova § 27 b vert det sett som vilkår for å reise søksmål at høve til å klage er uttømmmande nytta.

Med hilsen

Ragnar Sandbæk
fung.direktør

Lise Kvinnsland
seksjonssjef

